



Adolf Hovgaard

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/778 - 18/23309

Saksbehandlar:

Kathrine Straumøy Brakstad

kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

08.11.2018

Referat frå kontaktmøte 25.10.2018

Til stades:

Frå Meland kommune:

Rådmann Martin W. Kulild

Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen

Frå arbeidstakarorganisasjonane:

Fagforbundet HTV Anita Dale

Utdanningsforbundet HTV Adolf Hovgaard

Naturviterne HTV Berit M. Eskeland

I møte:

Rådmannen starta med å informere om at opplysningane som vart lagt fram var unntatt offentleg fram til 01.11.18. Då det er viktig at alle partar er informert vert dei tillitsvalde informert om innhaldet i dag.

Rådmannen presenterte framlegga:

Oppvekst:

- Leggje ned ungdomsskulen på Rossland og flytte elevane til Meland ungdomsskule.
Innsparing på kr 1,1 millionar i 2019.
- Flytte 5 -7 klasse frå Vestbygd til Rossland, leggje ned SFO ved Rossland skule, og tilby SFO på Vestbygd.
Innsparing på kr 1,5 millionar i 2019.

Tiltaka vert sett i verk frå 01.08.2019

Utdanningsforbundet stilte spørsmål om lærarane også vert flytta med elevane.

Rådmannen svarar at dei det er behov for vert flytta med. Ingen skal verte sagt opp. Det er moglegheiter i Alver, som drøfta på HTV-møte 24.10.

Utdanningsforbundet stilte vidare spørsmål om korleis ein skal løyse plassutfordringa.

Rådmannen svarar at det vert rekna på modulbygg, men at dei praktiske konsekvensane vert tatt når eit vedtak er fatta.

Utdanningsforbundet stilte også spørsmål om det vert større klassar på MUSK.

Rådmannen svarar at det vert det. Ein del av innsparinga er knytta til å redusere klasseantalet.

Pleie og omsorg:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

- Stengje dagsenteret om sommaren (3 veker)
- Stengje 4 rom på sjukeheimen.
Innsparing 3,9 millionar, reell innsparing er 1,7 millionar då andre tenester må styrkast.
Stenginga medfører at heimetenesta må styrkast og at kommunen vil få fleire bøter frå Helse Bergen for å ikkje hente heim utskrivingsklare pasientar.

Fagforbundet stilte spørsmål om dei tilsette vert flytta til heimetenesta.

Rådmannen svarar at det er ca 3 årsverk som vert flytta frå sjukeheimen til heimetenesta.

Det er også foreslått å auke eigedomsskatten, både i promille og ei kontorjustering av satsane.

Rådmannen si bestilling frå politikarane er å levere eit budsjett i balanse ved å gjere kutt i drifta. Det er difor viktig at dette vert informert om frå alle partar.

Lav folketalsvekst gjev lågare tilskot til kommunen, og vi må tenkje alternativt. Dersom nokon har innspel til andre løysingar ønskjer rådmannen tilbakemeldingar på dette.

Tidsplan for budsjettarbeidet:

18.10 -19.10	Budsjettsamling med tenesteområdeleiarane
24.10	Informasjonsmøte med HTV
01.11	Rådmannen sitt framlegg er offentleg
08.11 – 09.11	Formannskapet har budsjettseminar på Panorama Hotell
12.11	Rådmannen informerer tenesteområdeleiarane etter budsjettseminaret
14.11	Formannskapet legg budsjett for 2019 på høring
12.12	Kommunestyret gjer vedtak

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad
personalkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Adolf Hovgaard
Anita Dale
Berit M.Eskeland
Erik Knag Johannesen
Hilde Sæbdal
Kristine Hordvik
Lars Moland
Lisbeth Øren Austgulen
Marianne Bratshaug
Merethe Tvedt